



NORDDAL KOMMUNE

6210 Valldal – Tlf. 70 25 88 00 Faks 70 25 88 01

E-post: post@norddal.kommune.no

<http://www.norddal.kommune.no>

VILKÅR FOR VISING AV FILM I NORDDAL

§ 1 Formål

Formålet med ordninga er å bidra til å sikre eit best muleg kvalitativt og breitt filmtilbod til flest muleg menneske i alle aldersgrupper som ønskjer å sjå film.

§ 2 Definisjon

Konsesjon vil i denne samanheng vere løyve til å vise film i Norddal kommune, jfr. Lov om film og videogram § 2. Konsesjonshavar er den som vert tildelt konsesjon.

§ 3 Vilkår for å få tildelt løyve

Konsesjon kan tildelast einskildpersonar, selskap eller samanslutningar.

§ 4 Avgjerd om løyve

- Konsesjon vert tildelt eigar av kinoverksemd på framvisningsstaden, anten eigar er einskildperson, selskap/foretak eller samslutningar.
- Konsesjon vert gitt for den einskilde framvisningsstad, og kan ikkje overdragast til andre adresser ved flytting.
- Konsesjon kan ikkje overdragast.

§ 5 Generelle vilkår for løyvet

- Tildeling av konsesjon inneber ei plikt til å framvise film.
- Anbefalte aldersgrenser eller aldersgrenser fastsett av Statens Filmtilsyn skal overhaldast ved vising av film.

§ 6. Sakshandsaming og kontroll

Kommunestyret gir rådmann mynde til å innvilge konsesjon for vising av film, jfr. delegasjonsreglementet pkt. 7.3.3.

Det er no gitt heimel i lova til at kommunen kan kontrollere at konsesjonærane overheld dei reglane som vert gitt.

§ 8 Avgrensing av løyvet

Konsesjon kan gjevast for inntil 5 år. Konsesjonshavaren må søkje om ny konsesjon seinast 6 mnd. før konsesjonstida går ut.

Løyvet kan trekkjast attende dersom konsesjonshavaren bryt reglane i desse vilkåra eller reglane i Lov om film- og videogram og forskriftene til denne lova.